

Tore Samuelsen

Vår dato: 20.02.2023

Vår ref.: 202220420-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE si vurdering - Ber om NVEs innspill til søknad om støtte til Frøysetelven, Masfjorden kommune

Vi syner til e-post dagsett 16.01.2023. Saka gjeld utlegg av gytegrus og oppattbygging/restaurering av fisketrapp i Yndesdalsvassdraget/Frøysetelven. Tiltakshavar ber om NVE si vurdering av tiltaka i høve vassressurslova.

Bakgrunn for tiltaket

Frøyset grunneigarlag har søkt om stønad til kultiveringstiltak i anadrom strekning i Frøysetelven. Vassdraget har blitt kartlagt og tiltaka planlagt av fiskebiologisk fagkunnige.

Det er planlagt å lege ut gytegrus på 5 ulike stader i tre delstrekningar i vassdraget. På to delstrekningar vil det bli lagt ut om lag 150 m³ kvar, medan det på siste strekning vil bli lagt ut om lag 42 m³. Til saman kan gytegrusutlegga auke gytearealet med over 1000 m².

Grusutlegg vil skje ved bruk av helikopter for å unngå skade/slitasje på natur, og vil bli utført på gunstig tidspunkt med tanke på liv i vassdraget.

NVE si vurdering

NVE vurderer tiltaket opp mot § 8 i vassressurslova; *«Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten».*

Yndesdalsvassdraget er verna vassdrag med vernegrnlag: *«Beliggenhet i Vestlandets ytre kystzone, med oseanisk klima. Vassdragets elver, vann og myrer er sentrale deler av et variert landskap som i hovedsak ligger i lavlandet. Dalene har en avrundet utforming og dalretningene er sterkt preget av berggrunnstrukturen. Elveløpsformer med tilhørende biologisk mangfold inngår som viktige deler av naturmangfoldet.»*

Vassdragsvernet gjeld både kraftutbygging og andre inngrep som kan skade verneverdiane i vassdraget. Utlegg av gytegrus vil ha ein liten og relativt kortvarig påverknad, og har



samla sett ein positiv verknad på vassdragsmiljøet ved at tiltaket kan auke produksjonen av anadrom fisk. Tiltaket vert utført skånsamt ved at det vert nytta helikopter.

Vi kan ikkje sjå at utlegg av gytegrus vil påverke verneverdiane i vassdraget negativt.

Det er registrert naturtypar og raudlista artar i vassdraget. Tiltaka vil føregå utanom dei registrerte naturtypene, og vil truleg ikkje påverke naturtypene i nemneverdig grad.

Dei raudlista artane i vassdraget er ulike fugleartar. Tiltaka må ta omsyn til hekkande fugl, og kan ikkje påverke dei raudlista artane på ein negativ måte.

Vi vurderer dei planlagde gytegrusutlegga til å ha ingen eller kortvarig marginal påverknad på naturtypar og raudlista artar i vassdraget.

NVE vurderer planane om utlegg av gytegrus slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare handsaming etter reglane i vassressurslova.

Fisketrappa ved Svarthølen er i følgje NORCE LFI i dårleg stand. Den har dårleg funksjon og kan rase saman. Det vert rådd til å erstatte fisketrappa med ei ny trapp dersom ein demning i vassdraget ikkje vert fjerna. (Demningen er ikkje ein del av denne saka.)

NORCE LFI føreslår to alternativ til å få ei fungerande fisketrapp: kulpetrapp eller spaltetrapp. Spaltetrappa er noko lenger enn kulpetrappa. Ingen av alternativa ser i vedlagde skisse ut til å ta større plass i vassdraget enn eksisterande trapp. Det er ikkje lagt ved detaljerte teikningar av fisketrappa eller plassering av denne. Det er heller ikkje vurdert om nokon av dei to alternativa vil påverke straum- og erosjonstilhøve i vassdraget annleis en i dag.

NVE ynskjer å få tilsendt endelege planar for utbetring av fisketrappa i Svarthølen når dette er klart.

Planane bør skildre påverknad trappa vil ha på straum- og erosjonstilhøve, og korleis trappa vil passe inn i omgjevnadane. Særleg er det naudsynt at planane skildrar endringar, både i høve vassdragshydraulikken og tilpassing i terrenget/utsjånad.

Viktig informasjon for deg som planlegg tiltak i vassdrag

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting.



Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Viss det er behov for å fjerne kantvegetasjon må de søke til Statsforvaltaren om dispensasjon frå vassressurslova § 11.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Vi kan ikkje sjå i vår sakshistorikk at Statsforvaltaren har uttala seg. Vi ber om at Statsforvaltaren får høve til å uttale seg i saka.

Med helsing

Aart Verhage
regionsjef

Gert Vidar Høgseth
senioringeniør

Dokumentet er godkjent etter interne rutinar og vert sendt utan underskrift.

Mottakarliste:

Tore Samuelsen

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND